



Maria og Johanne - eit solid artistpar

Det vart eit sterkt oggripande møte med Haugtussa i Omvikedalen.

Artistane Sjur Magnus, Johanne Ø. Tvedten og Maria Malmsten er alle kjende som kulturformidlarar også i Uskedalen.

Magnus var i si tid organist i Kvinnherad og hadde mange konsertar i Uskedal kyrkje.

Johanne har ved fleire høve vore på

Bygdetunet Rød med Jul i gamle dagar og med innslag på museumsdagen.

Maria er musikalsk leiar for Røysterett for alle og har i tillegg hatt mange soloinnslag på ulike arrangment.

Dei 50 frammøtte i Dalheim fekk ei fin oppleving og innføring i Garborg si saga om den synske Veslemøy som vart kalla Haugtussa.

Johanne Ø. Tvedten har skrivne diktsyklusen frå 1885 om til ei forteljing framført som ein monolog utan manus.

Maria med Sjur Magnus på klaver framførte åtte av dei mest kjende songane.

Av desse kjenner vi alle Killingdans, Elsk, Gjetlebekken, Veslemøy og Kulokk.

Det er ei krevjande oppgåve å framføra Garborg sine tekstar på hans eige Midlandsmål, ei målform vi kjenner best frå 1917-rettskrivinga.

Maria Malmsten er klassisk songar og framføringa hennar var overtydande.

Vi merka oss særleg fin variasjon, god mimikk og det å formidla Haugtussa utan støtte i notar og tekst.

Sjur Magnus nytta originalnotane til Edvard Greig, bortsett frå

Maria Malmsten sin eigen komposisjon av songen Bøn.
Eldre ungdomshus eignar seg framifrå til framføringar som dette.
Om det er lokal interesse i Uskedalen, vert konsertar i regi av
Den kulturelle spaserstokken lagt til Helgheim, kyrkja eller
Gamleskulen i åra framover.

Turneen held no fram på Ølve Alderspensionat, Rosendalstunet og i Åkra kyrkje

Av Kristian Olav Bringedal